

og Fiskarlagets Servicekontor AS avd. Vest

Bergen, 22.03.17

Vår ref. 252 /17/BSI/perm

Dykkar ref. 2014/00339-30

Norges Fiskarlag
Postboks 1233 Sluppen
7462 Trondheim

e-mail

REGULERING AV FISKET ETTER REKER I SKAGERRAK OG NORDSJØEN – HØYRING.

Styret i Fiskarlaget Vest handsama ovannemnde som sak i sitt telefonstyremøte 13.03.16 , og fatta følgjande vedtak:

«Styret i Fiskarlaget Vest viser til vår uttale i sak 14/16, 15.04.16, og ein står fortsatt på følgjande vedtak:

«Styret i Fiskarlaget Vest har følgjande kommentarar til Rekeutvalet sine konklusjonar/forslag:

4.1 Forslag 1. Lukke fartøygruppa under 11 m

4.1 - A

«Rekeutvalet føreslår lukking av gruppa under 11 m med forutsetning om «vanntette skott», dvs. utan mogelegheit til å flytte tildelte kvotar med heimslengde under 11 m til større fartøy.

Kriteriumet for deltaking blir sett til 3 t landa reker (av eigar og fartøy) eitt av åra 2012, 2013, 2014 eller innan 18.09.2015.»

Styret i Fiskarlaget Vest finn å kunne støtte forslaget om lukking av gruppa under 11 m med «tett skott» mellom gruppene.

Styret kan derimot ikkje støtte at kriteriumet for deltaking blir sett til 3 t, og går inn for 1 t med bakgrunn i at rekefisket på Vestlandet har vore svært labert dei seinare åra.

Ein vil minne om at kriteriumet for å få delta då gruppa over 11 m blei lukka i 1997 var at ein hadde rusta seg ut/deltatt.

(Glesnes gjekk imot lukking)

4.1 - B

«Fartøy (og eigar) som oppfyller deltakingskriteriumet, og har landa mindre enn 8 t i same periode blir gjeve kvotefaktor 0,5.

Fartøy (og eigar) som oppfyller deltakingskriteriumet, og har landa 8 t eller meir i same periode blir gjeve kvotefaktor 0,8.

Kvotefaktor rekna utifrå fartøy med heimslengde over 11 m (faktor 1).»

Styret i Fiskarlaget Vest meiner at om ein ved stenging av ei gruppe i tillegg legg opp til ei faktordeling innad i gruppa innfører ein eit nytt prinsipp. Styret i Fiskarlagte vest går derfor inn for at alle i den lukka fartøygruppa med heimslengde under 11 m må ha same kvotefaktor.

(Mot Midtbø si stemme)

4.1 - C

«Maksimalkvotene må vurderast separat og fortlaupande i høve til utviklinga av fisketakten i dei einskilde gruppene.»

Styret i Fiskarlaget Vest støttar ovannemnde, då det er i samsvar med korleis andre fiskeri med gruppekvotar blir regulert.

4.1 - D

«Framtidig struktur i gruppa under 11 m, følgjer Norges Fiskarlag si anbefaling.»

Styret i Fiskarlaget Vest sluttar seg til ovannemnde.

4.2 Forslag 2 Fordeling av totalkvoten i gruppekvoter

«Fordeling av totalkvoten på lengdegruppene i periodane:

Over 11 m (lukka)	77%
Under 11 m (lukka)	20%
Open gruppe	3%»

Styret i Fiskarlaget Vest finn å kunne støtte ovannemnde fordeling.

4.3 Forslag 3 Behalde dagens kvotetak for fartøy over 11 m

«Landsstyrevedtak 21.01.16:

Fartøy med heimslengde 11-15 m – kvotetak 3.

Fartøy med heimslengde 15 og over – kvotetak 4.»

Styret i Fiskarlaget Vest meiner i utgangspunktet at strukturtaka bør vere lik innafor dei ulike lengdegruppene i alle fiskeri, men finn likevel å kunne slutte oss til ovannemnde som er i samsvar med landsstyrevedtaket 21.01.16.

4.4 Forslag 4 Periodisering og driftstilpassing

«Må kunne forskuttere 15% av maksimalkvoten i ein etterfølgjande periode i same år.»

Styret i Fiskarlaget Vest støttar ovannemnde som ei prøveordning over eitt år, som deretter må evaluerast.

4.5 Forslag 5 Fiskarmanntalsføring

«Eigar og høvedsmann i lukka gruppe må vere ført på Blad B i fiskarmanntalet.»

Styret i Fiskarlaget Vest er einig i at eigar og høvedsmann i lukka gruppe, både dagens og den nye lukka gruppa, må vere ført på Blad B i fiskarmanntalet, slik det er i andre fiskeri.»

Styret vil spesielt presisera frå ovannemnde at deltakarkriteriumet må vere 1 t, ikkje 3 t slik arbeidsgruppa tilrår, med bakgrunn i den lave bestanden som har vore i vårt område. (Mot Frank Midtbø si stemme)»

Med helsing
Fiskarlaget Vest


Britt Sæle Instebo